

Vurdering av enkeltinnspel

Under følgjer ei kort oppsummering av alle høringsinnspelet. Alle innspel er vurderte for det vidare arbeidet. Det er beskrive korleis kommunedirektøren tilrår at innspelet vert tatt til følgje.

Innstilling frå kommunedirektøren er fargemarkert i merknadsfeltet for lettare overblikk:

Ikkje tatt til følgje (Innspelet er vurdert, men ikkje aktuelt med endring i samfunnsdelen.)	Tatt til orientering (Innspelet inneholder relevant informasjon, men medfører ingen endring i samfunnsdelen.)	Tatt til følgje (Endring eller informasjon av betydning, som vert presentert i saksframstilling.)
---	--	--

Offentlege instansar

1.	Bergen kommune		
	Tema	Innspelet	Merknad/Oppfølging
	Klima og miljø	Bergen kommune er glad for at samfunnsdelen har mål om reduserte klimagassutslepp, og om å unngå nedbygging av verdifulle natur- og landbruksområde. Klimakrisa og naturkrisa er tett knytt saman, og for å nå måla må desse bli sett i samanheng. Klima- og miljømåla er innarbeida i planen under brede hovudmål som gjer at disse omsyna blir sett i samanheng med samfunnsutviklinga.	Tatt til orientering
	Senterstruktur	Bergen er glade for at Alver vil følge opp nullvekstmålet med en tydeleg senterstruktur som bidrar til å redusere transportbehovet, og legger til rette for gange, sykkel og kollektivtransport.	Tatt til orientering
	Målkonflikt: Senterutvikling og spreidd utbygging	Bergen kommune meiner det kan vere grunn til å tydeleggjere målkonfliktar i større grad, for å leggje til rette for aktive retningsval for den lokale	Tatt til følgje

		samfunnsutviklinga. Bergen meiner samfunnssdelen med fordel kan drøfte ein mogleg målkonflikt mellom ønsket om spreidd busetnad og utvikling i heile kommunen, og måla om å styrke sentra og redusere transportbehov, klimagassutslepp og tap av natur.	Dette tema er presisert under hovedmål 1 og i kapittel 6.
2.	Fiskarlaget vest		
	Generelt	Vi vil peike på viktigheta av ivaretaking av fiskerinæringa. Dette kan ein gjere ved mellom anna å sikre god infrastruktur til sjøs og på land, gode avfallsløysingar ved hamner og kaiar, og verne fiskeområde mot arealkonflikt og forureining. I tillegg er næringa avhengig av eit visst antal offentlege kaiar i kommunar langs kysten, som yrkesfiskarar kan nytte til ligge kai, eller gjeste-/nødhamn. Det er viktig at desse kaiane er godt merka, samt registrert i kartverktøy.	Tatt til orientering.
	Interessekonflikt/målkonflikt	I utarbeidninga av planar er det viktig å sjå samanhengen mellom land- og sjøareala. Utbygging av fritidsbustadar og flytebrygger i strandsona ved område der det foregår fiskeriaktivitet kan ofte føre til areal- og interessekonfliktar, der årmenta forventar at yrkesfiskarane må vike.	Tatt til orientering.
3.	Utdanningsforbundet – Alver		
	Barn og unge	Kommentar til delmålet: «Vi skal satse på kvalitet i opplæringa og legge til rette for at barn og unge opplever meistring, fellesskap og utvikling». Då må Alver også satse på best mogleg kvalifiserte lærarar i barnehage og skule. Bruken av ukvalifiserte vikarar er for stor. Meiner kommunen bør ha som målsetting at alle barn har rett på ein kvalifisert lærar, både i skule og barnehage. Må ha vaksne som kan jobbe aktivt med læringsmiljøet til barna og elevane.	Tatt til orientering. Tema bør bli vurdert i kommunedelplan for oppvekst.
4.	Statens vegvesen (SVV)		
	Generelt	Etter Statens vegvesen si vurdering har Alver kommune i hovudsak lukkast med å synleggjere kva samfunnsutvikling ein vil leggje til rette for gjennom arbeidet med ny kommuneplan.	Tatt til orientering.

	Overordna planlegging	Vi kan ikkje sjå at det er sagt noko om korleis samfunnssdelen heng saman med økonomi (økonomiplan)	Tatt til følgje. Dette blir no omtalt i samfunnssdelen.
	Berekraftig utvikling/Målkonflikt	Når det gjeld andre mål og tilhøyrande vegval er det noko uklart kva kommunen meiner representerer berekraftig utvikling. Til dømes senterstruktur vs. spreidd busetnad. SVV er negativ til for mykje LNF-spreidd, fordi dette ofte kjem i konflikt med det faktum at det ikkje mogeleg å få på plass gode løysingar for mjuke trafikantar på slike stader.	Tatt til følgje. Dette tema er presisert under hovudmål 1 og i kapittel 6.
	Prinsipp for arealbruk – Trafikktryggleik	Kvalitetskrav knytt til spreidd busetnad er omtalt som eige kulepunkt. Trafikktryggleik er ikkje tatt med her sjølv om dette er eit viktig vurderingspunkt. Der trafikktilhøva er dårlige bør det etter Statens vegvesen si vurdering ikkje opnast opp for utviding av LNF-spreidd føremål eller ytterlegare fortetting i bustadområde. Slike søknader bør handsamast som dispensasjonssaker med ei konkret trafikal vurdering knytt til den enkelte sak.	Tatt til følgje Tema i kapittel 6.
	Senterstruktur	SVV er positiv til at Alver legg opp til ein senterstruktur. Tilbod for mjuke trafikantar på einskilde strekningar må inngå som eit vurderingspunkt i påfølgjande arbeid med KPA.	Tatt til følgje Tema i kapittel 6.
5.	Bergen havn iks		
	Næringsliv og lokalsamfunn	Det må lages en plan for infrastruktur som både gjer det attraktivt for næringslivet, og som bo- og nærmiljø for innbyggjarane.	Tatt til orientering.
6.	Direktoratet for mineralforvaltning		
	Generelt - mineralressursar	I utkastet til samfunnssdelen er ikkje mineralressursar nemnd slik vi oppmoda om i planprogrammet. DMF kan derfor ikkje sjå at kommunen har ei overordna strategi for korleis dei mineralske ressursane i kommunen skal	Tatt til orientering

		forvaltast lokalt, verken for å sikre tilgang til bygge råstoff for lokal utbygging eller å lage føreseielege rammar for mineralnæringa.	
	Arealstrategiar	Dette kunne vere grunnlag for arealstrategiar som kommunen kunne lagt til grunn når viktige førekomstar og uttak i drift i kommunen skal forvaltast vidare i arealdelen.	Tatt til orientering
7. Statsforvaltaren i Vestland			
	Generelt	Alver har laga eit oversikteleg og kortfatta framlegg til ny samfunnsdel. Kommunen har jobba godt med medverknad.	Tatt til orientering
	Krav til planframlegget	Samfunnsdelen må ha eit handlingsprogram, som kan sikre konkret oppfølging av måla i planen. Handlingsplanen skal vere knytt opp mot økonomiplanen. Viser til vedtatt planprogram, kap. 2.4 – Handlingsdel integrert i økonomiplan.	Tatt til følgje
	Folkehelse	Vi etterlyser endå tydelegare konkretisering av korleis Alver til dømes skal jobbe med auken i utanforskap.	Tatt til orientering Tema utanforskap er omtala under hovudmål 4.
	Sosial berekraft og sosial bustadpolitikk	Sosial berekraft må vere eit premiss for bustadbygging og områudeutvikling på lik linje med miljømessig og økonomisk berekraft.	Tatt til orientering
	Aldersvenlege samfunn	«Jobbe målretta med kompetanseutvikling og rekruttering for å sikre rett kompetanse» - men dette knyter seg ikkje til helse- og omsorgssektoren spesielt. Statsforvaltaren meiner at Alver kommune kan knyte dette arbeidet til helse og omsorgssektoren.	Tatt til orientering Kvalitetar i sentra og bygder er omtalt i kapittel 6.
	Barn og unge	Bør konkretisere ei målsetting som i større grad rettar seg mot problemstillinga om einsemd blandt ungdom. Bør samfunnsdelen vere meir konkret knytt til å auke nivået i lesing og rekning?	Tatt til orientering Kvalitetar i fysiske miljø i sentra og bygder er tema i kapittel 6.

			Tema nivå lesing og skriving bør vere tema i kommunedelplan for oppvekst.
	Klima, arealbruk og naturmangfold	<p>Kommunen må sikre seg oversyn over areal som er viktige, som blågrøne strukturar, samanhengande naturområde, våtmarkar, elvebreddar, skogsområde og andre kabonrike areal.</p> <p>Klimaregnskap eller arealregnskap.</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Tema blir omtalt under hovudmål 1.</p>
	Landbruk og utvikling	<p>Eit positivt ønskje om å ivareta natur- og kulturlandskap. I planprogrammet viser Alver til at det skal bli arbeida med å hindre attgroing, dette vises ikkje igjen i planframlegget.</p> <p>Saknar ei samla og uttalt ambisjon på nærings- og områdeutvikling knytt til landbruk, landskap og reiseliv/opplevning</p> <p>Jordvern og nydyrkning bør vere med i samfunnsdelen, med i kap. 6</p>	<p>Tatt til følgje</p> <p>Landbruksnæringa er omtalt under hovudmål 2.</p>
	Samfunnstryggleik og beredskap	Kan ikkje sjå at Alver kommune har følgt opp sentrale krav og forventningar knytt til samfunnstryggleik og beredskap i samfunnsdelen.	<p>Tatt til følgje</p> <p>Er følgt opp i delmål under hovudmål 1.</p>
	Senterstruktur og busetnad	<p>Talet på nærsenter er noko høgt.</p> <p>Utbyggingsmønster må legge vekt på naturmangfold, landbruk og friluftsområde. Må kome tydeleg fram at storparten av bustader skal kome sentralt i kommunen. Vurderast ut i frå kollektivtilbod. Utbygging helst i regionsenteret.</p> <p>Spreidd busetnad – utfordrande: bilkjøyring, dyrka mark, oppsplitting av natur, dyrare for kommunen å drive tenester.</p> <p>Kap. 6: bør legge inn prinsipp om at spreidd busetnad ikkje skal bygge ned dyrka mark, myr. Ny bustadbygging bør og ha trygg skuleveg.</p>	Tatt til følgje

		Hus nr. 2 = eit spørsmål for jordlova.	
	Strandsone	Positiv. Med rett tilnærming og forvaltning.	Tatt til orientering
8.	Invest in Bergen		
	Generelt	Støtter framtidvisjonen	Tatt til orientering
9.	NVE		
	Generelt	Har inga merknader til planframlegget.	Tatt til orientering
10.	Nordhordland næringslag		
	Generelt	For å lykkes er det viktig med samarbeid og rollefordeling, og vi meiner at kommunenes rolle som tilrettelegger for næringslivet kommer tydeleg fram.	Tatt til orientering
	Operasjonalisering av måla	For å nå måla må vi konkretisere korleis vi kjem dit. Næringsplan blir derfor viktig. Tilrettelegging for vekst i industrien er det viktigaste.	Tatt til orientering
	Prinsipp for arealbruk	Må ikke vere til hinder for etablering av nye nærområde og næringsområde.	Tatt til orientering
11.	Alver kommune Fysio- og ergoterapi hjelpemiddel		
	Universell utforming	Håper Alver kommune legg til rette for aktivitet for både barn og unge (universelt tilrettelagte) i alle nærsentra.	Tatt til orientering
12.	Vestland fylkeskommune		
	Generelt	Plandokumentet er kortfatta og oversiktleg. Svarar greitt på utfordringsbilete i kommunen og regionen. Rår kommunen til å vere meir ambisiøs med klimasatsingar gjennom konkrete utsleppsmål og betre avklarte arealstrategiar.	Tatt til følgje Følgt opp under hovudmål 1. Konkrete utsleppsmål kan bli vurdert i t.d handlingsplan for klima.

	Styringssystem	Viser ikkje til styringssystem som sikrar kopling mellom samfunnssdelen og andre planar og satsingar, eller prioriteringar i økonomiplanen.	Tatt til følgje No omtala i samfunnssdelen.
	Klima	Sidan klimasatsinga er ein viktig del av hovudmål 1, bør kommunen endre definisjon av hovudmålet for å vise dette, eller trekke ut klimasatsinga som eige hovudmål.	Tatt til følgje Følgt opp i kapittel 5 og under hovudmål 1.
	Hovudmål 1	Må spesifisere konkret at kommunen skal ta vare på og forvalte verdifulle kulturlandskap og kulturmiljø mot fysiske inngrep og utbygging under dette hovudmålet.	Tatt til orientering Tema er dekka under hovudmål 1.
	Gjenbruk	Ombruk av bygningar vil vere eit avgjerande bidrag til det grøne skiftet.	Tatt til følgje Følgt opp under hovudmål 1.
	Biosfære	Kommunen bør trekke fram Nordhordland biosfæremråde som eit fortrinn for berekraftig næringsutvikling i kommunen. Det gjev forventningar til ambisjonsnivået når det gjeld forvaltning av areala i kommunen, som må følgjast opp i KPA.	Tatt til følgje Følgt opp i kapittel 5.
	Medverknad	Innovativt og omfattande medverknadsopplegg. Saknar nærmare samhandling med eldre, innvandrarar og profesjonelle kulturaktørar.	Tatt til orientering
	Berekraftsmåla	Berekraftsmåla er noko overflatisk handsama, utan å verte referert til i målskildringa for kommunen.	Tatt til orientering Berekraftsmåla ligg som eit fundament for samfunnssdelen.
	Klimaomstilling	Det er ikkje sett opp konkrete mål til utsleppsreduksjon. Mykje av utsleppa i kommunen kjem frå Mongstad. Kommunen bør likevel sette krav til eiga verksemد, lokalt næringsliv og innbyggjarar om å bidra til å utvikle lågsleppsamfunnet.	Tatt til følgje Følgt opp under hovudmål 1.

		Saknar omtale i planen knytt til korleis kommunen skal jobbe med klima og miljø, kva rolle kommunen skal ta i arbeidet med klimaomstilling av samfunnet. Oppmodar kommunen til tydelegare mål knytt til utslepp, klimatilpassing og energibruk.	
	Klimarekneskap og klimabudsjett	Er ikkje nemnt i planforslaget. Rår at det blir tatt med i samfunnssdelen, eller i arbeid med klimaplan. Bør koplast til det årlege budsjetthjulet.	Tatt til orientering Dette vil vi sjå nærmare på i arbeidet med handlingsplan for klima.
	Folkehelse	Samfunnssdelen bør ha føringar for universell utforming. Burde og inkluderast i prinsipp for offentlege tenester/tilbod og prinsipp for senterutvikling.	Tatt til følgje. Følgt opp i kapittel 6.
	Senterstruktur	Støtter kommunen i senterstruktur som bygger på eksisterande utbyggingsstrukturar i kommunen, og at vi set kvalitetsskrav til sentera. Kommunen må vere varsom med å legge til rette for arealmessige store senterområde og spreidd bustadbygging.	Tatt til orientering
	Oppfølging i KPA	I arbeidet med KPA: jobbe vidare med handlingsrom, typologi, skala, kvalitet og uterom i dei enkelte sentera. Fokus på mjuke trafikkantar under oppfølgingsoppgåver til KPA.	Tatt til orientering. Vidare oppfølging i KPA.
	Bustadutvikling	God bustadreserve i kommunen.	Tatt til orientering. Vidare oppfølging i KPA.
	Kultur, idrett og inkludering	Foreslår endring i mål: «Alver har eit rikt og inkluderande kultur- og idrettsliv som er ei drivkraft i samfunnsutviklinga». Vil at kommunen løfter fram omsyn til kulturmiljø, kulturminne og estetikk i senterområda (6.3).	Delvis tatt til følgje Vi endrar ikkje målformuleringa sidan vi meiner kulturomgrepene også inkluderer idrett.

		Ber om at prinsipp for etablering av bustad nr. 2 på gardsbruk må konkretiserast slik at føremålet om ivaretaking av sårbare kulturminne kjem eintydig fram.	Følgt opp i kapittel 6.
	Vassforvaltning	Lite vektlagt i planforslaget. Kommunen må vise korleis vi har tenkt å sikre gode miljøforhald i og langs vassdraga.	Tatt til orientering. Vidare oppfølging i KPA og i andre planar.
13.	Kystverket		
	Transport	Sjøveien kan vere eit bidrag til å redusere menneskelege utslepp av klimagassar. Mot KPA: Sjøtransport er avhengig av kaianlegg, areal på land, vegtilknyting og manuøvreringsareal i sjø.	Tatt til orientering.
14.	NGIR		
	Avfall og gjenvinning	Avfall har gått frå å vere eit problem til å bli ein ressurs. Krav om at meir skal gjenbrukas. KPA: Viktig å sette av tilstrekkeleg areal til renovasjonsløysingar, god tilkomst.	Tatt til orientering.
15.	DSB – direktorat for samfunnsikkerhet og beredskap		
	Generelt	Ingen merknad. Statsforvaltaren har ansvaret	Tatt til orientering.
16.	Forsvarsbygg		
	Forsvarets interesser	Ingen merknader til samfunnssdelen KPA: Forsvarets interesser er ikkje omtala i planen. Dette gjeld områder i sjø, omfatta av Herdlefjorden (militært forbodsområda i sjø) og Hjeltefjorden (skyte- og øvingsfelt V12), samt	Tatt til orientering. Vidare oppfølging i KPA.

		enkelte andre mindre lokasjoner ved Marøy, samt skytebaner ved Seim, Myking og Meland.	
17.	Fiskeridirektoratet		
	«Grøn omstilling»	Under tema «grøn omstilling» er det ikkje gjort nokon endringar (siden planprogrammet). Oppmodar kommunen til å tenkje maritimt biologisk mangfald og viktige fiskeri- og akvakulturinteresser når vi skal planleggje for utbygging i strandsona og andre tiltak i kystnære strok og sjø slik at ein unngår konfliktar.	Tatt til orientering. Tema som er tema i interkommunal plan for sjøareala.
	Interkommunal plan	Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland legg føringar for arbeidet med KPA. Føreset at Alver innarbeider dette i arbeidet med KPA.	Tatt til orientering. Vidare oppfølging i KPA.
18.	Råd og utval: Eldrerådet, råd for menneske med nedsatt funksjonsevne, ungdomsrådet, utval for areal, plan og miljø, utval for helse og omsorg, utval for næringsutvikling og frift, utval for oppvekst, kunnskap og kultur		
	Frivilligkeit	Eldrerådet: Frivillighetssentralene skal vera desentralisert slik dei er i dag - med sentralar i Knarvik, på Manger og Frekhaug.	Tatt til orientering
	Senterstruktur	Eldrerådet og Råd for mennesker med nedsett funksjonsevne foreslår Austmarka som nærsenter	Tatt til orientering
	Prinsipp for bustadutvikling	Eldrerådet: Omsynet til aldersvennleg lokalsamfunn leggast stor vekt på, og kvalitetskrav til bustad- og sentrumsområde må kome tydelegare fram.	Tatt til orientering
	Kapittel 5: Dette skal vi satse på mot 2040	Råd for mennesker med nedsett funksjonsevne: Tilleggsframlegg til pkt. 4: Trygge, friske og livsglade innbyggjarar Endringsforslag: Pkt. 4. Ein kommune der mangfald er ein styrke Vi vil at innbyggjarane våre, med eit mangfold i alder, kulturell bakgrunn, livssyn, helsetilstand, funksjonsevne og andre ulikskapar utfyller kvarandre og gjev kvarandre rikare liv ved å delta og bidra ut frå kvar sine føresetnader. Vi vil leggje til rette for at kvar og ein kan skape meiningsfylte liv og få den hjelpa og støtta dei treng - frå starten til slutten av livet. Vi vil	Tatt til følgje Følgjt opp i kapittel 5.

		ha gode oppvekstmiljø med trygge lokalsamfunn, barnehagar og skular. Vi vil både sikre at eldre kan bu heime og klare seg sjølv lengst mogleg, og at innbyggjarar i alle aldrar som av ulike grunnar treng heildøgnsomsorg får det.	
	5.2 Våre mål og vegval	Råd for mennesker med nedsett funksjonsevne: I planframleggget pkt. 5.2 står det: «Vi skal samarbeide med næringsliv og frivilligheita for å få på plass eit regionalt kulturhus og svømmehall.» RMNF bed om fylgjande tillegg pkt. 5.2: Dette skal likevel ikkje føre til at aktiviteten i ulike typar forsamlingshus rundt om i kommunen vert skadelidande.	Tatt til orientering
	Hovudmål 4	Råd for mennesker med nedsett funksjonsevne: Forslag om å endre hovudmål 4 til: Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet og trygge oppvekstvilkår uavhengig av helsetilstand, kulturell bakgrunn, funksjonsevne og andre ulikskapar.	Tatt til orientering
	5.3 Slik skal vi nå måla	Råd for mennesker med nedsett funksjonsevne: <u>Tilleggsframlegg pkt 5.3:</u> Vi skal vere ein imøtekommande og open kommune, og leggje til rette for at alle innbyggjarar får tilpassa og tilgjengeleg informasjon og rettleiing om kommunen sine tenester. <u>Tilleggsframlegg pkt.5.3:</u> Vi skal jobbe målretta med kompetanseutvikling og rekruttering for å sikre rett kompetanse til å løyse framtidige behov og oppgåver. Rekrutteringa skal sikta mot at dei tilsette speglar mangfaldet blant kommunen sine innbyggjarar.	Tatt til orientering
	Kapittel 6.2 “Prinsipp for bustadutvikling”	Utval for helse og omsorg: Forslag om nytt kulepunkt: Vi skal sikre sosial bustadbygging	Tatt til orientering Følgjt opp i kapittel 6.

Lag og organisasjonar

1.	Forum for natur og friluftsliv (FNF): Bergen og Hordaland turlag (DNT), Naturver forbundet Hordaland, Norges jeger- og fisker forbund Hordaland, Bergen og omland friluftsråd (BOF)		
	Berekraftsmåla	Anbefaler Alver å ta i bruk berekraftsmodellen som Stockholm Recilience Center utvikla på bakgrunn av FNs berekraftsmål. Synliggjer at miljømessig berekraft er grunnsteinen for dei andre dimensjonane. Dette kan vere nyttig å synleggjere for å skape forståing for fleire viktige prioriteringar som Alver legg opp til: mellom anna når ein må sette grenser for kor ein skal byggje ned nye arealar.	Tatt til følgje Følgt opp i kapittel 5.
	Naturmangfald	Tap av natur- og artsmangfald er den store utfordringa for å skape miljømessig berekraft.	Tatt til orientering.
	Natur. Arealbudsjett/arealreknskap. FNs tiår for naturrestaurering (2021-2030).	Ta vare på naturen. Lag arealbudsjett, som verktøy, for å bevare verdifull natur og ubebygd areal. Stadig aukande verdi som arena for friluftsliv og turisme. Naturoppleving er viktig for den psykiske helsa (Stortingsmelding 18).	Tatt til orientering. Tema friluftsliv ligg som delmål og strategiar under hovudmål 1 og 3. Vidare presiseringar i kapittel 6.
2.	Naturvern forbundet Nordhordland		
	Visjonen	Vi ønsker oss ein klarare visjon tufta på klima og naturmangfald.	Tatt til følgje. Følgt opp i kapittel 5.
	Berekraftsmåla	Slik dei er presentert (som sidestilte i ein kube) får ikkje planen godt nok fram at biosfæren der vi tek vare på klima og naturmangfald, utgjer sjølve livsgrunnlaget for sosialt liv og økonomien i eit samfunn.	Tatt til følgje. Følgt opp i kapittel 5.
	Nordhordland Biosfæreområde	Nordhordland UNESCO Biosfæreområde som Alver har slutta seg til, byggjer visjonen og strategiane sine nettopp på ein berekraftsmodell der omsynet til biosfæren utgjer sjølve fundamentet. Vi ønsker at denne modellen slik den er presentert under, også gjennomsyrer Alver kommune sine visjonar, strategiar og mål i samfunnsdelen.	Tatt til orientering

	Mål og strategiar	<p>Omsynet til biosfæren med vekt på klima og naturmangfold bør vera fundamentet for samfunnssdelen og gjennomsyra strategiar og mål.</p> <p>Fleire konkrete forslag til nye mål i samfunnssdelen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • økologiske tilstanden i kommunen, hindre attgroing, fokus på utmarksbeite i kystlyngheia, bevare leveområde for pollinerande insekt, sikre sterkt strandsonevern i høve naturmangfold og friluftsliv, forhindre utbygging som kjem i konflikt med landskap, naturmangfold og friluftsliv (som Midtmarka på Flatøy og Lonena i Knarvik), seie nei til alle industrielle vindkraftanlegg, restriktiv utbygging av vasskraft, naturøydeleggjande vegprosjekt, prioritere fortetting, desentralisert tenestestruktur, etablere fleire hurtigladepunkt, unngå nedbygging av myr m.m. 	Tatt til orientering.
3.	Mållaga		
	Hovudmål 3: kultur	<p>Endringsframlegg:</p> <p>“Vi skal vere ein aktiv og medviten nynorskkommune og stimulere medvitet om lokal dialekt og talemål. Vi skal arbeide målretta med kvaliteten på skriftspråket og for eit klart språk i all kommunal verksemd.”</p>	Tatt til orientering
	Klarspråk	Etterlyser såleis ei formulering om klarspråk – i hovudmål 3	<p>Tatt til orientering</p> <p>Klarspråk er eit viktig prinsipp, og vil bli følgjt opp i arbeidet med kommunikasjonsstrategi for Alver kommune.</p>
4.	Anne Mette Prestegård AS		
	Kultur	Ønskjer eit profesjonelt drevet regionalt museum og magasin, med stillingar som konservator, arkivar, formidlar etc. Museet bør ha overordna ansvar for bygningar, fartøy, gjenstandar, foto, dokument, filmklipp, musikk, dialekt og talemål med meir.	<p>Tatt til orientering</p> <p>Kulturmiljø og kulturarv er omtala i hovudmål 3</p>

		Korleis skal kultur, kulturmiljø og kulturarv kunne verte nytta som ressurs for berekraftig samfunnsutvikling når ein ikkje har ei skikkeleg oversikt over kva som finns? I dag verkar det som om det er dei frivillige i kommunen som tar seg av dette. Dei er ein viktig ressurs, men ein kan ikkje basere hovudansvaret for å ivareta kulturarven berre på frivilligkeit.	Kultur, kulturmiljø og kulturarv blir følgt ytterlegare opp i arbeidet med kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv.
5.	Husebøkrinsen Bygdelag		
	Landbruk	Er opptatt av landbruket, ta vare på landbruket.	Tatt til orientering. Landbruk er omtala under hovudmål 1 og 2.
	Fiskerioppdrett	Kommunen må ha fokus på berekraftig næringsliv, det grøne skiftet.	Tatt til orientering. Potensialet for verdiskaping i sjø og kystnære område er omtala under hovudmål 2.
	Trafikktryggleik	Gatelys: Nord på Holsnøy betaler innbyggjarane strømmen for gatelysene sjølv. Det skal ikkje vere slik i 2022. Her må kommunen snarast ta ansvar.	Tatt til orientering.
	Utbygging	Vil ha spreidd busetting	Tatt til orientering. Omtala i hovudmål 1 og i kapittel 6.2 "Prinsipp for bustadutvikling"
	Kollektivtilbod	Det må settes opp buss på kveldstid.	Tatt til orientering. Kommunen rår ikkje over kollektivtilboden i Alver. Her er det Vestland fylkeskommune som har ansvaret.
	Internett	Alle må få breiband	Tatt til orientering.

			“Vi skal sikre god internetttilgang i heile kommunen” er ein strategi under hovudmål 1.
6.	Lindåstunets venner		
	Kultur	Ta vare på Lindåstunet. Bygget har potensialet til å bli ein attraktiv møteplass. Kommunen bør kjøpe tomta og setje bygget i stand.	Tatt til følgje. Tema kulturminne og kulturmiljø er følgt opp i kapittel 6.
7.	Lindås bygdelag		
	Innspel til hovudmåla	<ul style="list-style-type: none"> 1) Det må settes av penger til vedlikehald av kommunale bygg i Alver 2) Biosfære. Historiske steder må vedlikehaldast og kan nyttast som reisemål. 3) Ta vare på Lindåstunet 4) Større variasjon i bustadtypar i lokal- og nærsentera 	Tatt til orientering
8.	Hundvin bygdelag		
	Senterstruktur	Hundvin har dei kvalitetar og funksjonar som ei bygd bør ha for å kunne bli kalt eit nærsenter. Forslag om at Hundvin blir tatt inn som nærsenter.	Tatt til orientering. Forslag til senterstruktur i Alver er basert på eit sett med kriteria. Utifrå desse kriteria meiner kommunedirektøren at Hundvin ikkje skal vere eit nærsenter, men ei bygd.
9.	Storneset bygdelag		

	Strandsone	Skal opparbeide badeplass i Litlevågen når avløpssituasjonen er i orden. Vil oppgradere stiar og tilkomst til strandsona.	Tatt til orientering.
10.	Lygra grunneigarlag		
	Bygdeutvikling	Kva er visjonen for bygdene?	Tatt til orientering. Følgt opp under hovudmål 1 og i kapittel 6.
	Kommunen er planeigar	Kommunen bør vere meir offensiv på distrikta sine vegne	Tatt til orientering. Følgt opp under hovudmål 1 og i kapittel 6.
	Vegstandard	Dårleg standard på vegar mange pendlar på. Saknar fokus på dette i samfunnssdelen.	Tatt til orientering.
	Arealforvaltning	Positiv til satsing på hus nr. 2 på garder.	Tatt til orientering
11.	Alver senterparti		
	Busetting i heile kommunen	Utvikling må skje også utanfor sentera Viktig å ha strøtomtar – sikre vedlikehaldsvekst og livskraftige grender også i framtida.	Tatt til orientering
	Senterstruktur	Austmarka og Sletta som nærsenter Viktig å høyre på lokalbefolkinga sin mening knytt til nærsenter-diskusjonen	Tatt til orientering
	Frivillig arbeid	Trengs eit løft etter pandemien. Treng føreseielege rammer.	Tatt til orientering.
	Landbruk	Eit landbruk som er tilpassa lokalt klima: auka satsing på drenering av dyrka jord, og bygging av jord- og skogsbruksvegar. Velstelt kulturlandskap Sterkt jordvern	Tatt til orientering

	Offentleg infrastruktur	Alver må satse på framføring av kommunalt vann til bygder som ikke har dette i dag.	Tatt til orientering
12.	Radøy senterparti		
	Bustad	Det må gå klart fram at det vil vere mogeleg å byggje på einskilt tomtar og mindre felt i tilknyting til eksisterande bustader. Peiker på ulike konsekvensar om kommunen ikkje legg opp til busetting og mindre bustadfelt i heile kommunen.	Tatt til orientering
	Senterstruktur	Foreslår Austmarka og Sletta som nærsenter.	Tatt til orientering
	Frivilligheita	Av avgjerande betydning for Alver kommune. Kommunen må bidra til å styrke frivilligheita.	Tatt til orientering.
	Nærmiljø	Saknar tilgang til offentleg utbygd vann til alle bygdelag	Tatt til orientering.
13.	Kløvheim bygdelag		
	Senterstruktur	Saka om nærsenter er ikke utgreiia demokratisk og fagleg forsvarleg. Ønskjer Kløvheim som nærsenter.	Tatt til orientering. Forslaget til senterstruktur er basert på nokre kriteria. Styrka fokus på bygdeutvikling i samfunnssdelen.
14.	Hundvin kai		
	Senterstruktur	Vil ha Hundvin som nærsenter	Tatt til orientering. Forslaget til senterstruktur er basert på nokre kriteria.

			<p>Styrka fokus på bygdeutvikling.</p> <p>Kommunedirektøren rår ikke at Hundvin blir lagt inn som nærsenter.</p>
15.	Myking skule FAU		
	Senterstruktur	Svært glad for foreslått status som nærsenter	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Forslaget til senterstruktur er basert på nokre kriteria.</p> <p>Styrka fokus på bygdeutvikling.</p> <p>Kommunedirektøren rår at Myking ikkje vert definert som nærsenter.</p>
16.	Nordhordland kunstlag		
	Kunst	<p>Skuffet over at ordet kunst er nemnt bare ein gong i samfunnssdelen, og ønskjer at dette er noko som blir meir innarbeida i kommunen sitt vokabular. Kulturbegrepet er svært rundt og rommer mange samfunnsfunksjoner som ikke direkte har med kunst å gjøre.</p> <p>Kunstlaget sin ambisjon er at dei kunstfaglige aspektene skal få ein større plass i samfunns-dannelsen og vi er da helt avhengig av at «kunst» blir en innarbeidet og selvfølgelig del av de immaterielle kvalitetene som et samfunn er avhengig av. Derfor ønsker vi at dette blir et mer synlig felt innen kommunen sine planer og strategier.</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Blir følgt opp i kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv.</p>
17.	Myking bygdelag		

	Senterstruktur	Positiv til at Myking er foreslått som nærsenter	Tatt til orientering. Forslaget til senterstruktur er basert på nokre kriteria. Styrka fokus på bygdeutvikling.
18.	MDG, R og SV		
	Målformuleringar	Konkrete endringsforslag til fleire målformuleringar.	Tatt til orientering. Konkrete endringsforslag må bli fremma i dei politiske møta.
19.	Radøy sokneråd		
	Prosess	Undrar kvifor ikkje sokneråda og Kyrkjeleg fellesråd er invitert inn i prosessen med samfunnsdelen	Tatt til orientering. Vi har invitert breitt, alle lag og organisasjonar.
	Kyrkje – religion - livssyn	Saknar eit dokument som direkte omhandlar kyrkje – religion – livssyn	Tatt til følgje. Samfunnsdelen tar utgangspunkt i eit breitt kulturomgrep. Livssyn er løfta fram under hovudmål 3 og i kapittel 5.
20.	Lindås sokneråd		
	Generelt	Ansvar og samhandling med den norske kyrkje er ikkje nemnt i planen.	Tatt til orientering.
	Presisering	Lat det kome tydeleg fram i planen at og den norske kyrkja er ein viktig del av den kulturelle og frivillige arbeidet i kommunen.	Tatt til orientering.

			Frivillig arbeid er omtala under hovudmål 3.
21.	Den norske kyrkja. Alver kyrkjelege fellesråd		
	Presisering	Tru, religion, kyrkje, livssyn, gravplassar er ikkje nemnt i planen. Passar under alle hovudmåla.	Tatt til orientering.
	Tenestetilbod	Kyrkje, kyrkjekontor og gravplassar er ein del av tenestetilbodet	Tatt til orientering.
	Møteplass	Kyrkja er ein fysisk møteplass i lokalsentra	Tatt til orientering. Kyrkja som møteplass og arena for ulike tilbod er tema i kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv.
	Reiseliv	Kyrkja er ein unytta ressurs innan reiseliv	Tatt til orientering.
22.	Lindås Slusane		
	Historisk kulturområde	Ønskjer å få til ei vidareutvikling av dette historiske kulturområde. Sluselaget har store utfordringar knytt til økonomiske midlar for å ferdigstilla restaureringa av sluseanlegget (slusane). Dette fordi område ikkje er regulert. Ønskjer ein reguleringsplan for område, og ønskjer at Alver kommune tar kostnadene ved ein slik prosess.	Tatt til orientering

Privatpersonar

1.	Hans Olav Evensen		
	Trafikktryggleik	Prioritere mjuke trafikanter ved utbygging.	Tatt til orientering.

			Følgt opp i kapittel 6.
2.	Thomas Sandvik		
	Kollektivtilbod	Ønskjer betre busstilbod på kveldstid.	Tatt til orientering. Det er Vestland fylkeskommune som forvaltar kollektivtilbodet i regionen.
3.	Bjørn Steffen Thorsen		
	Arealinnspeil/KPA	Grønstruktur rundt byggjefelthaugen i Løypetona på Frekhaug.	Oppfølging i KPA.
4.	Olaug Skjellanger Bratshaug		
	Akvakultur	Kommunen må sei nei til nye, opne oppdrettsanlegg.	Tatt til orientering. Å utnytte potensiale for verdiskaping i sjø og kystnære område er omtala under hovudmål 2.
5.	Aundun Helge Bratshaug		
	Akvakultur	Alver må kreve lukka merder på all fiskerioppdrett i kommunen.	Tatt til orientering. Potensialet for verdiutvikling i sjø og kystnære område er omtalt under hovudmål 2.
6.	Jens Husebø		
	Akvakultur	Lakseoppdrett i Mangerfjorden.	Tatt til orientering.

			Potensialet for verdiutvikling i sjø og kystnære område er omtalt under hovudmål 2.
7.	Roald Bjørndal		
	Vassdrag	Saknar målsettingar for vassdraga i kommunen. Korleis stiller kommunen seg til strandsonenproblematikken ved dei store vassdraga i kommunen? Oppstemming av vassdrag har vore til stor ulempe for naturmiljøet og grunneigarar i vassdraget.	Tatt til orientering
8.	Jogeir Romarheim		
	Senterstruktur	Foreslår Leknes som nærsenter	Tatt til orientering. Forslaget til senterstruktur er basert på nokre kriteria. Styrka fokus på bygdeutvikling. Kommunedirektøren vurderer at Leknes kan bli definert som bygd.
	Frivillig arbeid	Foreslår konkrete tiltak/økonomisk støtte til frivillig arbeid	Tatt til orientering. Frivilligheita er omtala under hovudmål 3.
9.	Susanne Haukenes Haugen		
	Barn og unge	Ønskjer aktivitetspark for barn, vaksne og personar med funksjonsnettsetting i Stallane. Utandørs treningsarena med treningsapparat.	Tatt til orientering. Delmål og strategiar knytt til attraktive senter og aktive

			lokalsamfunn er omtalt i hovudmål 1.
10.	Morten Andreas Bratshaug		
	Berekraftig utvikling	FNs berekraftsmål 14 skal ligge til grunn for alle arealplanar i sjø og kystnære område.	Tatt til orientering. FN sine berekraftsmål ligg til grunn for alle måla i samfunnsdelen.
	Strandsone	Alver skal ha berekraftig arealbruk og forvaltning av kyst og sjø som ikkje går på bekostning av naturmangfaldslova og FNs berekraftsmål nr 14.	Tatt til orientering. Potensialet for verdiutvikling i sjø og kystnære område er omtalt under hovudmål 2.
11.	Marit Samnøy Jøssang		
	Natur, naturområde Barn og unge	Vi må ta vare på dei naturlege uteområda.	Tatt til orientering. Blir omtala under hovudmål 1 og i kapittel 6.
	Frivillig arbeid	Ta vare på dette. Kommunen må stimulere til auka innsats gjennom ulik tilrettelegging. Dette må uttrykkast i planen.	Tatt til orientering. Frivilligheita er omtala under hovudmål 3.
	Livssyn	Alver har mykje aktivitet innan kyrkje/kristne organisasjonar, planen seier ikkje noko om dette.	Tatt til orientering. Følgjt opp i kapittel 5 og under hovudmål 3.
	Kollektivtilbod	Vi treng betre kollektivtilbod mellom Frekhaug, Knarvik og mot Alversund.	Tatt til orientering
	Hus nr. 2 på garden	Også behov mange stader for hus nr. 3	Tatt til orientering. Bustad på gardsbruk er omtalt under hovudmål 1.

12.	Per Steinar Nilsen		
	Fritidsbustad	Kvífor er ikkje hytte/fritidseigedomar ein del av spørjeundersøkinga? Hytte på Fyllingsnes: utfordringar knytt til vann og avløp, naust og båtplass, samt tilkomst til strandsonen. Fiskeoppdrettsanlegg utanfor Storneset er til stor frustrasjon	Tatt til orientering
13.	Irene Hodneland		
	Utforming av planen	Først og fremst var planen nydelig formulert, og det var en fornøyelse å lese hele planen. Planen gav en følelse av at Alver kommune virkelig bryr seg om alle sine innbyggere, og at kommunen med sin fremtidsvisjon, mål og veivalg har innbyggerne sitt beste i fokus.	Tatt til orientering.
	Kultur	Ønskjer kulturhus Bruke Lindåstunet som kulturhus?	Tatt til orientering. Kulturhus er omtala under hovudmål 3.
14.	Sigve Eldøy		
	Næring Biosfære	Planen bør vere tydelegare med tanke på akvakultur. Positiv til næring i sjø. Planen bør og ha fokus på utslepp i sjø. Alver må ikkje legge til rette for oppdrett av laks og aure i opne anlegg.	Tatt til orientering. Potensialet for verdiutvikling i sjø og kystnære område er omtalt under hovudmål 2.
15.	Mette Kyed Thorson		
	Kultur, kulturmiljø og kulturarv	Kultur, kulturmiljø og kulturarv må bli nytta som ressurs for berekraftig samfunnsutvikling. Er det frivillige i kommunen som må ta seg av dette? Regionsmuseum. Vi treng eit profesjonelt drevet museum og magasin.	Tatt til orientering. Kultur, kulturmiljø og kulturarv er omtala under hovudmål 3. Vidare

			oppfølging av desse tema i kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv.
16.	Torgeir Andvik		
	Spreidd bustadutvikling	Det må vere mogleg å byggje einebustadar i distrikta, både i ubebygde område og i bebygde område. Skal bygder og grender overleve, må det leggjast godt til rette for bygging av bustader og næring.	Tatt til orientering. Tema er omtalt under hovudmål 1.
17.	Borghild Elise Semb Røraas		
	Møteplassar	For eldre og unge	Tatt til orientering. Møteplassar er omhandla under hovudmål 1 og i kapittel 6.
	Veg	Dårleg vegstandard mange stader. Trafikktryggleik	Tatt til orientering.
	Bustad	Bør legges til rette for leige	Tatt til orientering
18.	Rita Kvinge		
	Trafikktryggleik, aktivitet, folkehelse	Ostereidet – til rette leggje for turmoglegheiter for eldre. Men også aktuelt for personar med funksjonsnedsetting, barn og barnevogner.	Tatt til orientering. Følgjt opp i kapitel 6. Kan også bli følgjt opp i kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv.
19.	Lill Merethe Kittang		
	Knarvik	Ønskjer basseng i Knarvik.	Tatt til orientering.

			Ligg som eit delmål under hovudmål 1.
20.	Johan Alv Andersen		
	Arealinnspel/KPA	Tomteområde på Flatøy. Føremål: bustad	Ikkje tatt til følgje. Konkret arealinnspel.
21.	Jon Elling Vatne/Velforening i Moldekleivmarka		
	Tursti Trafikktryggleik	Ønskjer å tilrettelegge for aktiviteter i nærmiljøet. Kan dei samarbeide med kommunen? Tilrettelegge for trygg tursti i nærområde. Fokus på barn og unge. Kan fyllmasse og maskiner i anleggsperioden benyttes i opparbeiding av tursti?	Tatt til orientering.